



Møtebok Hardanger og Voss Ungdomsråd 19.10.2023 Digitalt

Tilstades:

Eidfjord kommune
Eidfjord kommune
Ullensvang kommune
Ullensvang kommune
Ulvik herad

Ungdomsrådsleiar Are Dalseide
Ungdomsrådsnestleiar Martinius Næss Solheim
Ungdomsrådsleiar Isak Al Bayati
Ungdomsrådsmedlem Ylva Svåsand Førde
Ungdomsrådsleiar Sophia Basilio

Forfall:

Kvam herad
Voss herad

Kontaktpersonar:


Ulvik herad Tor Schei Hellesnes
Eidfjord kommune: Kari Læg Reid
Hardangerrådet iks: Trude Læg Reid Rinaldo

Gjest:

Ungt Entreprenørskap Sara Tokheim

SAKLISTE:

Inspirasjon v/Sara Tokheim, Ungt Entreprenørskap(UE):



Det er dumt at utdanning nokon gonger kan vera tilfeldig, og dette er eit godt tilbud både til skule, elevar og samfunn. Hardangerkommunane og Voss herad har lang tradisjon for å jobba med UE, men her er mange moglegheiter som ikkje er teke i bruk.

Ungdomane syns dette er interessant og HU vil ta det med seg vidare. Regionalt samarbeid betyr mykje.

SAKLISTE:

HU-sak 17/23 Plan for 2023/2024

Saker på dagsorden 2023/2024 var me innom, men her vil råda diskutera i eigne råd og dele på neste møte.

Men dette er to forslag:

1. Å jobba med utdanning og UE er interessant. Tek det med vidare. HU har jobba med korleis faget utdanningsval vert teke hand om, og kor ulik praksis det er berre innan vår region. Kan meir kunnskap om UE sine program og samarbeid gje nye moglegheiter?

2. Samlingsplassar/lokale å venta i på bygdene er noko mange ungdomaar saknar. Forslag til sak å jobbe vidare med.

HU-sak 18/23 Andre saker

a. Valget 2023 - nye kommunestyre.

Rådet syns det hadde vore interessant å få vita prosentandel av ungdom som stemte ved valget frå vår region - spesielt fyrste og andre gongs veljarar. Kari Lægreid skal undersøkje om det lar seg gjere å ta ut slike tal.

b. Rein Hardangerfjord 2024 - tilbakemelding

Det er fortsatt for dårleg kommunikasjon mellom skule og Rein Hardangerfjord, håpar å få det til betre neste år. For å få det til må ein mykje tidlegare på banen.

I Eidfjord hadde dei veldig god erfaring med å tilby varm betasuppe til alle, store og små! Godt tips til andre bygder!

c. Hardangerkonferansen 2023 - informasjon

De finn all info om konferansen på [Hardangerkonferansen.no](https://www.hardangerkonferansen.no)

Hardanger og Voss Ungdomsråd er velkomne til å melde seg på. Deltaking må organiserast av eige råd, men sponsa av Hardanger og Voss ungdomsråd.

d. Konferanse/ Hardanger og Voss ungdomsting 2024

Dette diskuterar rådet vidare på neste møte. Ber alle også diskutera i eigne råd.

HU-sak 19/23 Nytt frå kvart ungdomsråd

Ikkje alle har hatt møter endå, så runden litt avkorta.

I Eidfjord har dei diskutert å installera nøkkelkort for at ungdomsklubben skal vera meir tilgjengeleg og open for ungdommane. Planen er at den er open kl 15.00-22.30 for ungdom mellom 15 og 18 år. Ungdom treng ein plassa å vere!

Ulvik vil gjerne koma på studitur til Eidfjord, dette jobbar dei også med.

I Ulvik har dei diskutert å få eit "opent rom" 24/7. Det er ingen stader ein kan gå inn i Ulvik, for ungdom. F.eks må dei ofte vente på buss, men også i andre anledningar.

Dette er viktig og handlar også om bulyst.

HU-sak 20/23 Saker melde inn ved møtestart

Ingen saker melde ved møtestart.

Neste møte er: Torsdag 7 desember kl 1730 på ungdomsklubben i Eidfjord.

Kinsarvik 19.10.2023

Trude Lægreid Rinaldo

Sekretær Hardanger og Voss Ungdomsråd